



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
007/20	Kommunestyret	13.02.2020

Prøveordning catskiing - sluttbehandling av lokal forskrift

Vedlegg:

11.02.2016	Rapport Vang kommune kartlagde og verdsette friluftslivsområde	89155
17.09.2019	Konsekvensutgreiing - beltebilløype Tyin-Filefjell	141641
09.10.2019	Høyring av lokal forskrift - adresseliste	142623
03.11.2019	Konsekvensutgreiing - beltebilløype Raudalen	143576
05.11.2019	Merknadsrapport frå førehandsvarsel	143722
11.11.2019	Samla innspel frå førehandsvarsel (301718)	143985
11.11.2019	Kartlagde og verdsette friluftslivsområder i Vang kommune	143986
11.11.2019	Referat møte Thor Østbye 10.10.19	143996
22.01.2020	Merknadsrapport frå høyring	147008
05.02.2020	Forskrift om kommunale løyper for catskiing i Vang kommune	147587
05.02.2020	Samla innspel frå høyring	147594

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Vang kommune er ei av 6 kommunar som har blitt tildelt forskriftsmynde til å fastsetje beltebilløyper i lokal forskrift frå Miljødirektoratet som ein del av ei forsøksordning. Fastsetjing og lokalisering av dei enkelte traseane skal skje gjennom ein lokal prosess i samsvar med forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag.

Vang kommune fekk beskjed om at ein var plukka ut til å vere med i denne forsøksordninga 7. mai 2018, og forsøket var i 6 år frå denne datoen.

Løypene skal vera trasear for persontransport med tyngre trakkemaskinar på vinterføre, som utgangspunkt for alpin skikøyring. Ved utarbeiding av forskrift for å etablere løyper for catskiing skal kommunen nytte rettleiing utarbeidd for fastsetting av snøskuterløyper til fornøyleseskøyring.

I Vang er det vurdert to trasear, ei i tilknytning til Tyin/Filefjell Skisenter og ei i tilknytning til Raudalen Alpin.

Heimel

Heimelsgrunnlaget for prøveordninga med catskiing kom på plass i 2017, motorferdsellova §4a tredje ledd og ny føresegn i forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark §4b. Det er kommunestyret som har mynde til å fastsetje beltebilløyper for catskiing.

I tillegg har miljødirektoratet gitt følgjande rammer for forsøksordninga:

- Kommunen må ha grunneigar sitt samtykke.
- Persontransport skal gå føre seg etter faste beltebilløyper.
- Løypene kan berre nyttast for persontransport med tyngre trakkemaskinar eller beltebilar med ei eigenvekt på over 400 kg.
- Løypetraseane skal køyrast opp på vinterføre med natursnø, og heile løypa skal ha berande snølag for å unngå markskade.
- Ordninga gjeld berre i eksisterande alpinanlegg, som ei forlenging av skiheis.
- For oppretting av løypetrasear gjeld dei same rammer og krav til prosess som for fastsetjing av kommunale snøskuterløyper, jf. forskrift §4a, 3.-8. ledd.
- Miljødirektoratet har presisert at forsøksordninga på 6 år gjeld frå datering av deira brev, den 7. mai 2018. Dvs. at forsøksordninga vil gjelde til seinast 7. mai 2024.

Forvaltningslova sitt kapittel VII gjeld for utarbeiding og vedtak av løypekart og vilkår med dei særreglar som følgjer av forskrifta si § 4a, tredje ledd. Tilsvarande gjeld forvaltningslova si kapittel VI om høve til å klage, med dei særreglar som går fram av § 4a, åttande ledd.

Prosess

For å sikre medverknad i prosessen har det blitt sendt ut førehandsvarsel i samband med at Vang kommune starta arbeidet med å utarbeide forskrift for catskiing. Førehandsvarselet vart fyrst sendt ut 23.09.19 i tillegg til annonse i avisa Valdres. Den 04.10.19 vart det sendt ut identisk førehandsvarsel til seks nye partar som ein såg burde ha vore inkludert fyrste gong. Adresseliste ligg vedlagt. Det har til saman kome inn seks innspel til førehandsvarselet, dei ligg samla i vedlegget *Samla innspel frå førehandsvarsel* og er gått gjennom i dokumentet *Merknadsrapport frå førehandsvarsel*.

Planavdelinga har i arbeidet med å utarbeide forskrift gjennomført møte med Tyin Filefjell Utvikling og Beitostølen Resort for å avklare beltebiltrasé. I arbeidet med konsekvensutgreiing har planavdelinga gjennomført møte med Thor Østbye for å vurdere naturmangfaldet.

Det er gjort avtale med grunneigarane der beltebilløypene er planlagt å gå. På Tyin-Filefjell er det avtale med Bø- og Grøvtølen Sameige som gir Tyin/Filefjell Utvikling løyve til å køyre over eigendomen i samband med catskiing i perioden 1. desember til 15. mai kvart år. Sameiget har sikra seg rett til, på 6 månadars varsel, å sei opp avtalen. På Slettefjell har Midtre Slettefjell Sameige i fyrste omgang gjeve tillating til catskiing for eitt år på deira eigeidom.

Den 21.11.2019 vart forskrift om kommunale løyper for catskiing i Vang kommune sendt på høyring med høyringsfrist 10. januar.

Det kom inn i alt fem innspel, dei ligg samla i vedlegget *Samla innspel frå høyring* og er gått gjennom i dokumentet *Merknadsrapport frå høyring*.

På bakgrunn av innspela er det gjort endringar i forslag til lokal forskrift etter at den var ute på høyring. Følgjande er endra:

- For å sikre at løypetrase ikkje blir lagt om slik at den kjem inn i utlaupsområde for skred er høve til å legge om trase innskrenka. Rådmannen føreslår at ei omlegging inntil 20 meter berre kan skje etter at trase er kontrollert mot NVE si kartløyising AutoKAST og aktsemdsområder for skred, sjå §3-5 i forslag til lokal forskrift. Opphavleg forslag var at ein kunne legge om trase 20 meter utan kontroll mot NVE sine kartløyisingar.
- Norsk Ornitologisk Foreining Valdres oppmoda kommunen til å legge større vekt på føre-var-prinsippet med tanke på fjell- og liryppa og tilrådde at perioden for catskiing vert avgrensa til 15. april og ikkje 20. april slik det var føreslege. Rådmannen følgjer rådet til Norsk Ornitologisk Foreining Valdres lokallag og føreslår lovleg sesong

fram til og med 15. april.

Etter høringsfristen har Tyin Filefjell Utvikling gjeve munnleg innspel til kommunen, dei ynskjer ein avgang frå toppen av skiheis kl. 13.00. I forslag til forskrift som vart lagt på høyring var det føreslege avgang frå toppen av skiheis til tre bestemte tidspunkt: kl. 10.00, kl. 11.00 og kl. 12.00. Tyin Filefjell Utvikling ynskjer ein avgang kl. 13.00 slik at dei kan tilby ei totalpakke til grupper. Dei ser for seg å tilby ei totalpakke med foredrag/møter/kurs etc. før lunsj og catskiing etter lunsj. Bakgrunnen for dei føreslegne avgangstidene var innspelet frå DNT Valdres og FNF Oppland til førehandsvarselet. Dei føreslo at ein bør «frede» tider då det elles er lite trafikk, t.d. før kl. 11, slik at dei som set pris på stille og ro kan få høve til å gå på tur i området utan motordur. Rådmannen ser ikkje at dei negative verknadane på friluftsliv og naturmangfald blir endra ved å forskyve tidspunkt for catskiing med ein time lengre ut på dagen. Rådmann har difor endra forslag til forskrift slik at avgang frå toppen av skiheis er kl. 11.00, kl. 12.00 og kl. 13.00.

Rådmannen vurderer at dei endringar som er gjort ikkje utløyser krav om at forslag til lokal forskrift skal ut på ny høyring.

Vurdering:

Planavdelinga i Vang kommune har utarbeidd ei konsekvensutgreiing for kvar av dei to beltebilløypene som er føreslege, ei for Tyin/Filefjell og ei for Raudalen Alpin. Konsekvensutgreiingane klargjer korleis ein tek omsyn til rammer og føringar gjeve i motorferdsellova og forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark. Med bakgrunn i konsekvensutgreiingane og innspela som har kome inn er det utarbeida eit forslag til kommunal forskrift for prøveordninga med catskiing i Vang kommune med tilhøyrande kart.

Rådmannen vurderer at ein med føreslegen forskrift tek omsyn til konsekvensutgreiinga og dei innkomne innspela frå førehandsvarselet og høyring av forskrift på ein slik måte at verknadane av å opne opp for catskiing er akseptable. Det er mellom anna sett vilkår til talet turar per dag, lovleg sesong, løypetrase og krav til rutinar for å sikre tryggleiken.

Rådmannen tilrår at forslag til forskrift med konsekvensutgreiing og kart blir vedteke.

Ved vedtak av forskrift og løypekart skal beltebilløypene for catskiing teiknast inn i kartet til kommuneplanen sin arealdel og forskrifta skal bli kunngjort i Norsk Lovtidend.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret støttar seg på dei vurderingane rådmannen har gjort i saka. Lokal forskrift for catskiing blir vedteke den 13. februar for ei prøveperiode fram til og med 15. april 2024.

Kommunestyret 13.02.2020:

Behandling:

Arealplanleggjar Ingeborg Lunde la fram saka, ved nærare utgreiing av saka har Ingeborg Lunde komme fram til eitt alternativ til vedtaket som ho bad kommunestyret vurdere.

Nytt alternativ (2) til vedtak

Kommunestyret støttar seg på dei vurderingane rådmannen har gjort i saka. Lokal forskrift for catskiing blir vedteke den 13. februar for ei prøveperiode fram til og med 15. april 2024 med følgjande tillegg i kapittel 5 Evaluering:

Logg frå kvar tur skal ha informasjon om:

- Talet skiløparar som beltebilen møter langs med beltebilløypa

Det vart røysta over begge alternativ til vedtak.

Alternativ 2 vart vedteke med ei stemme i mot. Bjørg Marie Hermundstad (AP)

KS- 007/20 Vedtak:

Kommunestyret støttar seg på dei vurderingane rådmannen har gjort i saka. Lokal forskrift for catskiing blir vedteke den 13. februar for ei prøveperiode fram til og med 15. april 2024 med følgjande tillegg i kapittel 5 Evaluering:

Logg frå kvar tur skal ha informasjon om:

- Talet skiløparar som beltebilen møter langs med beltebilløypa